

---

**Fra:** Geir Styve <geir@humorbonden.no>  
**Sendt:** søndag 15. mars 2020 19:59  
**Til:** Postmottak Alver  
**Kopi:** 'Halldor Havsgård'; 'eva Styve'  
**Emne:** VS: Att - Marianne Aadland Sandvik - Ønske om møte i sak om tolking av rekkefølgekrav for Helleåsen . PURRING

Hei – det har no gått enno ein månad , utan at kommunen viser teikn til å kommunisere med meg i saka.

No føler eg at eg vert halden med utsetjande prat og ullen bruk av «så snart som råd er»

Eg minner om tre ting:

- dette er ei sak som eg reiste i mai 2018, der kommunen ikkje på noko tidspunkt har vist vilje til å lytte /konkret imøtegå mine argument
- rentekostnadane renn på dag for dag, og mitt krav mot kommunen aukar dermed heile tida
- dette er enno eit forsøk frå mi side på å kome i dialog med kommunen i von om å hindre rettsleg pågang, med store kostnader for begge partar

Viss det er tid og prioritering frå kommunen dett står på at ein ikkje svarar , så får eg vel berre starte rettsleg prosess. Då MÅ de svare i saka.

Men – eg kan ikkje nett sjå at det er eit tidssparande val for kommunen å la den løysinga slå inn.

Eg ber no om konkret svar på mine spørsmål innan 14 dagar.

Det er trass alt berre eit notat på 1 ¼ side som skal lesast gjennom.

Etter det går eg til rettslege steg for å få Kommunen i tale

Geir Styve

---

**Fra:** Geir Styve <[geir@humorbonden.no](mailto:geir@humorbonden.no)>  
**Sendt:** onsdag 12. februar 2020 20:28  
**Til:** 'post@alver.kommune.no' <[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)>  
**Kopi:** 'eva Styve' <[eva.styve@hotmail.com](mailto:eva.styve@hotmail.com)>; 'Halldor Havsgård' <[halldor@halldor.no](mailto:halldor@halldor.no)>  
**Emne:** Att - Marianne Aadland Sandvik - Ønske om møte i sak om tolking av rekkefølgekrav for Helleåsen

Viser til brev av 4/2 2020 vedr ønske om møte, og mi oppfølging via telefonsamtale i dag, den 12/02/2020

Takk for stadfesting av at du vil sjå på saka så snart om råd er.

Minner om at det møtet eg ynskjer bere dreiar seg om forståing av eit notat på kun litt over ei side frå Planavdelinga den 7.6.2018.

Det meiner eg kan gjerast utan å gå djupt inn i heile saksomplekset.

Eg ynskjer å gå gjennom notatet sitt innhald, for å etterprøve logikken i kommunen si haldning - når vi ser vekk frå sakshandsamar si ønsketenking.

Eg minner om at denne saka snart har pågått i 2 år, så eg har forventing om å kome vidare innan kort tid.

Sidan du vil sjå på saka så snart som råd, vil eg vente med rettsleg pågang inntil vidare.

Det må vere raskare å løyse denne saka over bordet enn i rettsapparatet.

Geir Styve